



Årsmelding 2013

4. DRIFTSÅRET

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad
Organisasjonsnr: 996 124 789

STYRANDE ORGAN 31. DESEMBER 2013

GENERALFORSAMLING:

Medlem kundevald:

Ingvill Gåsemyr Sæberg	Dimmelsvik	Leiar
Torgny Nundal	Husnes	Nestleiar
Brynjulf Lie	Herøysundet	
Terje Eikemo	Utåker	
Kjell Yri	Uskedalen	
Ingvald Nedrevåg	Seimsfoss	
Else E Miljeteig	Åkra	
Ann Helen Langmo	Rosendal	
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	
Øystein Hellesøy	Løfallstrand	
Magnhild Haugland	Uskedalen	
Steinar Haugan	Valen	
Inger Lise Bondhus	Mauranger	
Kristian Hus	Husnes	
Hans Jakob Berge	Ølve	
Medlem kommunevald:		
Jostein Grov	Uskedalen	
Øyvind Lernes	Rosendal	
Steinar Prestnes	Valen	

Varamedlem kundevald:

Ann Kristin Næss	Varaldsøy
Lars Arne Revne	Ølve
Anne Kari Enes	Husnes
Oddvar Eikenes	Husnes
Lise Christensen Sætrevik	Rosendal
Frank Søllesvik	Dimmelsvik
Ann Kathrine Røssland	Sunde
Varamedlem kommunevald:	
Trude Tveitnes	Rosendal
Ole Torbjørn Holmedal	Utåker

STYRE:

Medlem

Svein Arne Eidsvik	Herøysundet	Leiar
Frødis Sjo Fjellhaugen	Matre	Nestleiar
Synnøve Solbakken	Valen	
Jorunn K. Nordtveit	Valen	

Varamedlem

Olav Ulvenes	Ølve
Kjell Yri	Uskedalen
Torgny Nundal	Husnes

VALNEMND:

Medlem

Ingvill Gåsemyr Sæberg	Dimmelsvik	Leiar
Kjell Yri	Uskedalen	
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	
Lars Arne Revne	Ølve	
Inger Lise Bondhus	Mauranger	

Om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Bakgrunn

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa 1. november 2010 med forretningskontor i Kvinnherad Kommune. Forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank og representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank gjorde i møter den 28. juni 2010 vedtak om at dei interesser som bankane representerte ville vera best tente med at sparebankverksemda i Kvinnherad Sparebank vart overteken og vidareført gjennom SpareBank 1 SR-Bank, og at Kvinnherad Sparebank etablerte ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Kvinnherad Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til ålmennyttige føremål.

Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalta eignelutar som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga skal i tillegg plassera midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til ålmennyttige føremål.

Ved disposisjonane sine skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Ved verksemda si skal stiftinga støtta SpareBank 1 SR-Bank ASA i deira vidareføring av sparebanktradisjonane.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ein kvar tid fylgjar av regelverket for sparebankstiftingar.

Kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på 350 000 000 kroner.

Grunnkapitalen var på 330 000 000 kroner fordelt på 6 069 934 eigenkapitalbevis i SpareBank 1 SR-Bank, kvart pålydande kroner 25,-. I tillegg til dette vart stiftinga tilført eit kontantbeløp på 20 000 000 kroner frå SpareBank 1 SR-Bank.

Grunnkapitalen vart gjennom vedtektsendring i generalforsamlinga 19. juni 2012 sett ned til 151 748 350 kroner fordelt på 6 069 934 aksjar, kvar pålydande kr 25 i SpareBank 1 SR-Bank ASA

Styret si årsmelding for 2013

Aktivitetar i 2013

Viktige aktivitetar i året 2013 har mellom anna vore:

- Handsaming av 194 søknader og tildeling av 83 gåver på til saman 5,581 millionar kroner
- Vedtektsendringar
- Vidareutvikling av internkontrollsystem og styringsdokument i stiftinga

Generalforsamlinga har hatt 2 møter og styret 13 møter i 2013.

Vedtektsendring i 2013

I den ordinære generalforsamlinga i stiftinga 11. juni 2013 gjorde leiar av generalforsamlinga merksam på at ordlyden i vedtektene vedrørande saker som skal handsamast på ordinær generalforsamling kunne mistydast. Dagleg leiar opplyste at vedtektene våre var svært like vedtektene til dei fleste andre sparebankstiftingane og at temaet om forbetring av fleire punkt nyleg hadde vore drøfta på møte i Sparebankforeningen. Revisjon av vedtektene var difor alt sett på sakskartet til neste styremøte i stiftinga.

Styret vedtok i møtet 25. juni 2013 å be dagleg leiar gå gjennom vedtektene og utarbeida framlegg til reviderte vedtekter med vekt på det som hadde vore drøfta på generalforsamlinga, klårgjering av valkomitéen si rolle, og generell forbetring av ordlyden i vedtektene.

Etter grundig handsaming og uttale frå Advokatfirmaet Selmer DA la styret deretter framlegget til reviderte vedtekter fram for generalforsamlinga i ekstraordinært møte den 9. desember 2013. Den ekstraordinære generalforsamlinga vedtok dei reviderte vedtektene samrøystes. Finanstilsynet godkjende vedtektsendringa utan merknader 16.01.2014

Resultatrekneskapet 2013

Rekneskapet syner eit driftsresultat på minus 1 949 950 kroner.

Resultatet i året vart pluss 110 741 979 kroner etter finansinntekter og oppskrivning av verdien på finansielle anleggsmiddel.

Dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga tok i mot ved skipinga hadde opphavleg samla verdi 330 000 000 kroner. Finansuroa i Europa førte til at også dei norske eigenkapitalbevisa fekk svært store verdifall i 2011. Marknadsverdien av våre eigenkapitalbevis vart såleis redusert med 80 829 209 kroner til 249 170 791 kroner i 2011.

SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå eigenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap (ASA). Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart eigenkapitalbevis vi eigde.

Marknadsverdien av aksjane vart i 2012 redusert med 21 851 763 kroner, frå 249 170 791 kroner til 227 319 028 kroner. Reduksjonen vart ført til frådrag i resultatrekneskapet for 2012.

Marknadsverdien av aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA har hatt stor stigning i 2013. Det er såleis resultatført reversering av tidlegare verdiendring med 102 680 972 kroner.

Dette er grunnen til det uvanleg gode resultatet på pluss 110 741 979 kroner i året 2013.

Stiftinga fekk i 2013 utbetalt 9 339 875 kroner i utbyte frå SpareBank 1 SR-Bank ASA for 2012. Stiftinga hadde i tillegg renteinntekter på 694 732 kroner.

Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet 361 614 205 kroner, noko som er ein auke på 104 500 280 kroner frå 257 113 925 kroner ved utgangen av 2012. Dette skuldast i hovudsak reversering av tidlegare verdiendring.

Grunnkapitalen er 151 748 350 kroner. Årsresultatet, pluss 110 741 979 kroner, er disponert med avsetjing til annan eigenkapital med 104 741 979 som etter dette er 150 145 713 kroner, og 6 000 000 kroner som er avsett til gåver for tildeling hausten 2014 og våren 2015. Gåvefondet er no 49 301 910 kroner. Dette er etter tildelinga av 5 581 000 kroner i 2013 og løyvinga på 3 000 000 kroner til tildeling våren 2014.

Hovuddelen av kapitalen til stiftinga er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA. Stiftinga eig 6 069 934 aksjar tilført ved skipinga til kostpris 330 000 000 kroner. Marknadsverdi var ved årsskiftet 364 196 040 kroner mot 227 319 028 kroner ved førre årsskifte. Resultatført verdiendring i 2013 er 102 680 972 kroner.

Stiftinga kjøpte 156 649 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012. Kostpris for desse var 4 229 523 kroner medan marknadsverdi ved årsskiftet var 9 398 940 kroner. Resultatført verdiendring er her 0 kroner.

Marknadsverdien av aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA var såleis ved årsskiftet til saman 373 594 980 kroner.

Styret kan ikkje selja av dei 6 069 934 aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA som vart tilført ved skipinga og som såleis høyrer til grunnkapitalen, utan etter vedtak i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

Likviditeten til stiftinga er god.

Gåveutdelingar i 2013

Styret i stiftinga handsama våren 2013 100 søknader om til saman 12,2 millionar kroner i gåver. Det vart tildelt 38 gåver, i sum 2,581 millionar kroner

Styret i stiftinga handsama hausten 2013 94 søknader om til saman 9,4 millionar kroner i gåver. I tillegg vurderte styret gåver til gode tiltak utan at de førelåg søknad. Det vart tildelt 4 slike gåver. Til saman vart det tildelt 45 gåver, i sum 3,0 millionar kroner.

Oversyn tildelte gåver våren 2013 og hausten 2013 er del av denne årsmeldinga.

Tilsette

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling.

Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kest Eiendom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes. iDrift AS er engasjerte som leverandør av IT-tenester, både utvikling og drift. Tveit Regnskap AS er engasjert som lønsskontor og rekneskapsfører.

Deloitte AS er engasjert som revisor. Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.

Indre og ytre miljø

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling. Det har ikkje vore sjukefråvere.

Det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet. Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Framtidsutsikter

Den noko urolege økonomiske situasjonen i Europa vil også i 2014 påverka oss her i Noreg. Vi ser no teikn på forventingar om redusert vekst i oljeinvesteringane, noko som kan gjera oss meir avhengige av andre næringar framover.

Ei sak som i stor grad påverkar økonomien til stiftinga er dei norske styresmaktene sine krav til kapitaldekning i bankane. Krava er strama monaleg inn og vil vera mellom dei strengaste i Europa. Det er svært viktig av konkurranseomsyn at krav til norske bankar vert harmoniserte med dei andre nordiske landa.

Norske bankar har dei seinare åra halde att utbytte og gjennomført emisjonar, men det er klart at bankane framleis har trong for å la store delar av overskotet bli i banken for å tilfredsstilla dei nye kapitalkrava.

Dette har ført til, og vil føra til, reduksjon i utbytte frå bankane og såleis lågare direkte rentabilitet på den investerte kapitalen for eigarane.

Sjølv om verdiane på denne måten blir i banken, og bokført verdi pr. aksje aukar, er det ei mager trøyst for oss. Nesten alle aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA er del av grunnkapitalen og kan såleis etter lovverk og vedtekter ikkje seljast utan etter vedtektsending i generalforsamlinga og deretter særskilt løyve frå Finanstilsynet. Vår hovudinntektskjelde er og skal vera utbytte frå desse aksjane.


SpareBank 1 SR-Bank ASA har no delt ut utbytte til stiftinga for 2013 med kroner 1,60 pr. aksje, totalt 9 962 533 kroner.


Utviklinga i økonomien i Europa og Noreg, at SpareBank 1 SR-Bank ASA kan halda fram med gode driftsresultat, og ikkje minst halda fast på utbyttepolitikken sin også for året 2014, vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.

Husnes 13.05.2014

Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Styrenestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn K Nordtveit
Styremedlem


Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

Gåvetildelingar frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad våren 2013

Orgnr	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Gåve
889387122	Langeland Skulekorps	Aspirantane	25 000
962979327	Fjellhaugen Skisenter AS	Bygging av arenabygg	100 000
964967636	Kvinnherad Kommune	Aktivitetshuset	50 000
974249138	Triohuset	Fullføring av oppgradering av nytt kjøkken	50 000
974249138	Idrettslaget Trio	Fast dekke Husnes stadion	500 000
975834662	Odda Røde Kors Hjelpekorps	Innkjøp av hjertestartarar	30 000
976994825	Ølve Sokneråd	Vedlikehald av Tråvikeskulen	30 000
977122775	Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenk	Nye arrangementsstolar til Baroniet Rosendal.	100 000
983647472	Husnes skulekorps	Sommerskule for korpsmedlemmene	60 000
983659284	Rosendalstiftinga	Steinparken 10 år: verkstad og varmetove	150 000
983771645	Rosendal Turnlag	Friidrettsutstyr	50 000
983771645	Rosendal Turnlag	Basistrening	35 000
984351135	Strand-Ulv Hallen AS	Strand-Ulv Hallen	150 000
985257280	Rosendal Skulekorps	Oppgradere ein mangelfull instrumentpark.	100 000
985292353	Herøysund bygalag	Opprusting av Herøysund grendahus	60 000
986585125	Sunde Kyst- og Litteratursenter	Utbedring av kjøkken i Bergslagen.	35 000
986585125	Sunde Kyst- og Litteratursenter	Utbetring av Slipp på Bergslagen	10 000
988338559	Judo Klubb Stord	Prosjekt : Trener II i judo	30 000
989419501	Ænes Grendalag	Oppgradering av Grendahuset på Ænes	30 000
989633759	Venelaget for Gruo	Restaureringen av Heistårnet	100 000
991272399	UTÅKER BYGDALAG	OPPRUSTNING AV BYGDEHUS	30 000
993414840	Rosendal Musikklag	Instrumentkjøp	80 000
993442771	Matre IL	Sandvolleyballbanen	20 000
993516953	Ænes og Mauranger Bygdalag	Innkjøp av hjertestarter	25 000
993543314	Husnes Musikklag	Kjøp av slagverk-instrument	90 000
993616087	Kvinnherad kystlag	Grindverksbygg	40 000
993741663	Uskedal Idrettslag	Opprusting Heio	77 000
993745928	Skare Ungdomslag	Innkjøp av nye mikrofonar til lydanlegget	20 000
993745928	Skare Ungdomslag	Musikalen Bugsy Malone	30 000
993745928	Skare Ungdomslag	Danseopplæring i Skare skule	5 000
993861596	Stord Ungdomskor	Vårkonsert 2013, kostyme/rekvisittar	13 000
994157442	Halsnøy O-lag	Oppgradering av O-karta i laget	60 000
994263102	Husnes KFUK-KFUM speidere	Landsleir 2014	20 000
994425196	Uskedalen Indremisjon	Varmepumpe.	16 000
994775588	Kvinnherad sogelag	Kvinnhersminne årbok XVI, for 2013, opplag 500 stk	15 000
995070790	Husnes Indremisjon / KRIK-Nattcafe	Oppretting av nytt lokale for born og ungdom	50 000
995399415	Kvinnherad Røde Kors	Oppgradering av utstyr til søk og redning	200 000
996866254	Topp Velforening	Ny gangveg i Brakufsa	95 000
		TOTALSUM	2 581 000

Gåvetildelingar frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad hausten 2013

Orgnr	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Gåve
885412912	Uskedalen skulemusikk	Seminarhelg for skulekorpsa i Kvinnherad Kommune	60 000
896569112	Stord svømming	Oppgradering av tidtakaranlegg	25 000
896937472	Interesselaget for Galeas Gurine	Restaurering av Galeas Gurine	90 000
899123972	FJELBERGPARKEN	Fjelbergparken, trinn 1	100 000
930791822	PL Halsnøy samfunnshus	Prosjekt ENØK Halsnøy Samfunnshus	80 000
964967636	Samtalegruppa 1-62+	Førebyggjande frivillige aktivitetar for eldre	20 000
964967636	Dei 702 barnehageborna i Kvinnherad	Utstyr til førjulsaktivitetar	66 000
973943286	Kulturhuset Husnes	Nye stolar i kino-teatersal	500 000
974249138	Idrettslaget Trio.	Lydanlegg symjehallen.	20 000
975298418	Husnestunet/Rosendalstunet	Utstyr til palliative behandlingsrom Rosendal-Husnes	100 000
975988694	Stord Maritime Museum (SMM)	Vidareutvikling av SMM	15 000
976886429	Stord Idrettslag	100 år jubileum for idrettslaget i 2014	50 000
977043506	Sagvåg skulekorps	Instrumenter og utstyr	25 000
979751443	ODDA MUSIKKLAG	Innkjøp av instrumenter og uniformer	105 000
983659284	Rosendalstiftinga	Geosti frå Rosendal til Øvre Myrdal	105 000
983771645	Rosendal turnlag - fotballgruppa	Helsesikkerheit	40 000
983771645	Rosendal Turnlag	Friplassen Rosendal idretts-og fritidspark	200 000
983839509	Idrettslaget Solid	5'ar mål til barn	17 000
985167079	Odda Idrettslag, Turngruppen	Anskaffelse av Air Track med utstyr	50 000
985257280	Rosendal Skulekorps	uniformer til alle	30 000
985283931	Hørselshemmedes Landsforbund, avd. Kvinnherad	Utlån av lyd målere og skriketroll. Teleslynga.	25 000
985292353	Herøysund Bygdalag	Naturklatrejungel Herøysund	100 000
986034153	USKEDAL UNGDOMSLAG	Sanitæranlegg og kjøkken i Helgheim	100 000
987301333	Høylandsbygd Bygdalag	Grillhytte .	50 000
989633759	Venelaget for Gruo	Hjartestartar-for sikkerheits skuld	25 000
990594252	Opsangervågen Veteranbåtlag	Tak over veteranbåtar	100 000
993442771	Matre IL	Revy	10 000
993461059	Matre Bygdalag	Vidareutvikling av Dranesparken	100 000
993502731	Austrepollen Grendahus	kjøkken med vatten og straum, samt WC	25 000
993543314	Husnes Musiklag	Laga oppbevarings- og utstillingsmonter	38 000
993741663	Uskedalen Idrettslag -Turngruppa	Nytt turntilbud/ Tumbling i Uskedalen	50 000
993741663	Uskedal Idrettslag (skigruppa)	Satsing på born og unge	30 000
993745928	Skare Ungdomslag	Danseopplæring for ungdom og vaksne	6 000
993754390	Odda Ungdomslag	Folkedan kurs	15 000
993818364	Husnes Skyttarlag	Sikring av miniatyrbane Husnes	15 000
993829307	Kammerskoret	Elektronisk øvingspiano	25 000
993939447	Halsnøy Idrettslag	Innbytterbenker	30 000
993939447	Halsnøy Idrettslag	Inngangsparti kunstgras	15 000
995070790	KRIK - Nattcafe	Møblering av ungdomslokale i bedehuskjellaren	60 000
997693884	Sandvoll Ordsiftelag	Turveg gjennom Vassdalen	100 000
997998197	Kvinnherad Skyttarlag	Garderobebygg Midthølen	90 000
998778239	HATLESTRAND BYGDELAG	Hatlestrand oppvekstsenter ballbinge	100 000
998778239	Hatlestrand Bygdalag	Hatlestrand Nærmiljøanlegg	33 000
999185428	Husnes Ungdomslag	Reparasjon av del av takteking. (106 år gml)	100 000
999220894	Kvinnherad Røde Kors Omsorg	Sosial hygge og sosialt samvær for eldre	60 000
		TOTALSUM	3 000 000

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2013	2012
3	Lønskostnad	1 129 532	1 071 066
	Avskrivning på varige driftsmidler	12 082	12 084
3	Annan driftskostnad	808 336	1 114 626
	Sum driftskostnader	<u>1 949 950</u>	<u>2 197 776</u>
	Driftsresultat	<u>-1 949 950</u>	<u>-2 197 776</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Anna renteinntekt	694 732	717 181
	Anna finansinntekt	9 339 875	13 459 432
6	Verdiendring av finansielle anleggsmiddel	102 680 972	-21 851 763
	Annan finanskostnad	23 650	25 250
	Resultat av finansposter	<u>112 691 929</u>	<u>-7 700 400</u>
	Ordinært resultat før skattekostnad	<u>110 741 979</u>	<u>-9 898 176</u>
4	Skattekostnad på ordinært resultat	<u>0</u>	<u>0</u>
	Resultat i året	<u>110 741 979</u>	<u>-9 898 176</u>
	OVERFØRINGAR		
	Avsett til annan egenkapital	104 741 979	-9 898 176
	Avsetning til gaver	6 000 000	0
5	Sum overføringer	110 741 979	-9 898 176

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember


NOTAR	EIGA	2013	2012
	Anleggsmidlar		
	Varige driftsmiddel		
	Driftslausøre og inventar	<u>0</u>	<u>12 082</u>
	Sum varige driftsmiddel	<u>0</u>	<u>12 082</u>
	Finansielle anleggsmidlar		
6	Investeringar i aksjar	<u>330 000 000</u>	<u>227 319 028</u>
	Sum finansielle anleggsmidlar	<u>330 000 000</u>	<u>227 319 028</u>
	Sum anleggsmidlar	<u>330 000 000</u>	<u>227 331 110</u>
	Omløpsmiddel		
	Krav		
	Andre kortsiktige krav	<u>15 453</u>	<u>164 788</u>
	Sum krav	<u>15 453</u>	<u>164 788</u>
	Investeringar		
6	Andre finansielle instrument	<u>4 229 523</u>	<u>4 229 523</u>
	Sum investeringar	<u>4 229 523</u>	<u>4 229 523</u>
2	Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>27 369 230</u>	<u>25 388 504</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>31 614 205</u>	<u>29 782 815</u>
	SUM EIGA	<u>361 614 205</u>	<u>257 113 925</u>


SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2013	2012
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
	Grunnkapital	151 748 350	151 748 350
	Sum innskoten eigenkapital	151 748 350	151 748 350
	Opptent eigenkapital		
	Gåvefond	49 301 910	57 882 910
	Annan eigenkapital	150 145 713	45 403 734
	Sum opptent eigenkapital	199 447 623	103 286 644
5	Sum eigenkapital	351 195 973	255 034 994
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	87 089	299 047
	Skuldige offentlege avgifter	168 700	145 032
7	Avsatt til gåveutdeling	10 080 000	1 534 000
	Annan kortsiktig gjeld	82 443	100 852
	Sum kortsiktig gjeld	10 418 232	2 078 931
	Sum gjeld	10 418 232	2 078 931
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	361 614 205	257 113 925


Husnes, 13.05. 2014


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Nestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn Kjellfrid Nordtveit
Styremedlem


Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2013

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 – God rekneskapsskikk for små føretak. Rekneskapsprinsippa følgjer under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Annan eiga er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande reglar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, korrigert for nedskrivingar og avskrivingar. Nedskriving vert gjort når forskjellen mellom verkeleg verdi og bokført verdi er vesentleg, og verdifallet ikkje er forventa å vere av forbigåande art. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig.

Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert vurdert til det lågaste av marknadsverdi og kostpris.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Gåvefond er klassifisert som eigenkapital. Det er generalforsamlinga som gjev styret fullmakt til utdeling av gåvefondet.

Note 2 – Bankinnskot

Av likvidar i balansen pr. 31.12. utgjør bundne midlar i skattetrekk kr 114.626. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk pr. 31.12.

Note 3 – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnad	2013	2012
Løn	567 337	533 174
Folketrygd	109 679	105 605
Pensjonskostnader	32 089	27 379
Andre ytingar	420 427	404 908
Sum	<u>1 129 532</u>	<u>1 071 066</u>
Antall årsverk sysselsett i rekneskapsåret	<u>0,6</u>	<u>0,5</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2013

Note 3 forts. – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret
Løn	553 003	0
Anna godtgjersle	7 290	384 000
Kostnader til revisor:	2013	2012
Lovpålagt revisjon	40.000	67.000
Skatterådgjeving	3.750	12.860
Andre tenester utanfor revisjonen	18.375	39.000
Sum	<u>62.125</u>	<u>118.860</u>

Alle tal er oppgjevne inklusiv mva.

Note 4 – Skattekostnad

Skatt vest har i vedtak av 3.5.2012 vedteke at stiftinga ikkje er ei skattepliktig stifting.

Note 5 – Eigenkapital

	Grunnkapital	Annan EK	Gåvefond	Sum EK
Eigenkapital 1.1.2013	151 748 350	45 403 734	57 882 910	255 034 994
Tidligere avsatte gåver, tildelte gåver 2013			-2 581 000	-2 581 000
Avsatte til, tildelte gåver 2013			-3 000 000	-3 000 000
Avsatte til gåver 2014			-3 000 000	-3 000 000
Resultat i året		104 741 979		104 741 979
Eigenkapital 31.12.2013	151 748 350	150 145 713	49 301 910	351 195 973

Note 6 – Aksjar i Sparebank 1 SR-Bank

	Antal	Eigardel	Kostpris	Marknads-verdi	Resultatført reversering av verdiendring
Sparebank 1 SR-Bank 1)	6 069 934	2,37 %	330 000 000	364 196 040	102 680 972
Sparebank 1-SR Bank HFO 2)	156 649	0,06 %	4 229 523	9 398 940	0
Sum	6 226 583	2,43 %	334 229 523	373 594 980	102 680 972

- 1) Aksjane er klassifisert som anleggsaksjar.
- 2) Aksjane er klassifisert om omløpsaksjar

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2013

Note 7 – Gåveutdelingar

	2013
Tildelte til, ikkje utbetalte gåver 01.01.2013	1 534 000
Tildelte gåver 2013	5 581 000
Utbetalte gåver i 2013	-6 035 000
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 31.12.2013	1 080 000
Tidlegare avsett gåveutdeling, ikkje tildelt 31.12.2013	3 000 000
Avsett overskot 2013 til gåvetildeling i 2014 og 2015	6 000 000
Totalt gåver til udeling 31.12.2013	10 080 000